

REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALEN 2025

REFERAT

Møteleiar

Referent

Møtenummer

Dato

Stad

FORHANDLINGSUTVALET

Stian Endresen

Oddvar Marøy

11/2024

17-18.01.2024 kl 09.00

Waterfront hotell Ålesund

Organisasjon	Medlemar	Møtt
Helse MR HF	Kjetil Lundberg – HR-direktør Jan Rino Austdal – advokat Eli Otterlei - samhandlingssjef Trude Gudbrandsen Solenes – Kvalitetsrådgjevar SNR	X X X
Kommunane i M&R	Kjetil Leirbekk – Ass. kommunaldirektør Averøy kommune Cato Innerdal – kommuneoverlege Molde kommune Guri Hasund Reiten – advokat Ålesund kommune Ragnhild Aarflot Kalland – leiar forv.kontor Volda kommune	X X X X
Brukarrepresentantar	Paula Næss Skår - brukarutvalet HMR Eilin Reinaas – brukarrepresentant kommune	X X
Leiar forh.utvalet / Praksiskonsulent	Stian Endresen – fastlege / samhandlingslege	X
KS-representantt	Marianne Aasen KD-nettverket	17/1
Sekreteriat	Karethe Kristoffersen Aam – Rådgjevar Helse MR HF Oddvar Marøy - Samhandlingskoordinator søre Sunnmøre	X X

DAG 1, 17.01.24

Saksnummer	Emne
52/23 0900 – 0915	Velkomen Forfall Kjetil Lundberg, vara Perny Kristin Oksnes. Marianne Aasen deltek første halvdel av dag 1. Godkjenning av innkallinga og referat frå: møte i forhandlingsutvalet 13.12.23 Referat finn de her: Referat og innkallingar Vedtak: Referat godkjent utan merknad.

<p>53/23</p> <p>0915 – 1015</p>	<p>Regionalt fagråd for digital samhandling deltek på teams:</p> <ul style="list-style-type: none"> • om arbeidet i utvalet • om meldingsflyt og innhald i pleie- og omsorgsmeldingar <p>Atle Betten (utvalsleiar), Betzy Elgaas, Asbjørn Kvisvik (har meldt forfall), Anita Kjersheim vert med som tilhøyrar, ho tek over som utvalsleiar etter Atle Betten.</p> <p>Fokus på kva meldingstypar som vert nytta for å sikre god flyt i dialogen mellom helsenivåa ved inn- og utskriving frå sjukehusa.</p> <p>Gjennomgang av arbeid, oppgåve og mandat til det regionale fagrådet ved Atle Betten og Betzy Elgaas.</p> <p>Gjennomgang av fagrådet sitt arbeid med meldingsflyt, litt historikk på utvikling frå 2012 og fram til i dag, samt kva meldingstypar som dei ulike helseføretaka i Midt-Norge nyttar i dag i samhandlinga.</p> <p>I etterkant ei spørsmålsrunde for oppklaring. PPP vert sendt ut saman med referatet.</p>
<p>1015 – 1030</p>	<p>Pause</p>
<p>54/23</p> <p>1030 – 1115</p>	<p>Sette opp oversikt over typar pleie- og omsorgsmeldingar med forklaringar innleiingsvis i delavtale 1, eventuelt som vedlegg til avtalen.</p> <p>Meldingstyper som vert nytta bør vere som vedlegg til samarbeidsavtalen, evt. at den regionale retningslina vert lagt ved.</p> <p>Forh.utvalet tek difor utgangspunkt i den regionale rutina ds 16.11.2021 og vurderer at denne får verknad som ei retningsline som kan endrast. Viktig å avklare konsekvensar dersom retningslina vert endra og den grip inn i andre bestemningar i samarbeidsavtalen. Slike endringar må gå til fagrådet for korrigering. Retningslina, slik denne er utforma i dag, må utformast slik at begge helsenivåa kan ha eigarskap til denne. I dag kan den tolkast som ei intern rutine for helseforetaket.</p> <p>Partane drøfta bruken av epikrise eller foreløpig epikrise og dokument med tilsvarande helseopplysningar, og når dette skal nyttast i pasientforløpet.</p> <p>Forhandlingsutvalet gjekk gjennom fleire av meldingstypane som vert nytta i meldingsflyten gjennom pasientforløpet, men med særleg fokus på meldingstypane epikrise, helseopplysningar og utskrivingsklar pasient. Helseopplysningsmeldingane har i dag med forventa utskrivingsklardato. Melding om utskrivingsklar pasient vert sendt når pasienten er definert utskrivingsklar. Kommunane meiner dette er annleis enn tidlegare praksis, men samsvarer med endringane til dagens rutine som fagrådet presenterte.</p> <p>Kommunane ynskjer ikkje nytte retningslina som vedlegg til avtalen slik den ligg føre som ei intern rutine for Helse Midt.</p> <p>Anita Kjersem vert kontakta for innspel til regionalt fagråd for å gjere endringar i dokumentet slik at begge helsenivåa opplever eigarskap til retningslina.</p>

<p>55/23 1115 - 1425</p>	<p>Jobbe vidare med delavtale 1, punkt 1.2 og 1.3 Jobber her med innsendt framlegg frå HMR.</p> <p>1.1 Helseføretaket foreslår nytt punkt 1.6 som gjeld ekstraordinære situasjonar, medan kommunane meiner dette tilleggspunktet ikkje høyrer heime i denne delavtalen. Partane vart samde om at dette punktet ved ei viss bearbeiding kan flyttast og takast inn i delavtale 6 om helseberedskap.</p> <p>1.2 Henvising til nasjonal veileder vert tatt ut av HMR sitt framlegg. Elles gjort korrigeringar i avtaletekst gjennom drøftingar i plenum.</p> <p>1.3 Innlegging i sjukehus HMR har lagt inn nytt pkt a) som definerer praksis for rutiner frå fastlege ved innlegging i sjukehus. Utset avgjerd til morgondagen om dette.</p> <p>Dersom avtaleteksta skal innehalde henvisingar til retningsliner, må dette definerast i hovudavtalen med avklaring for kva verknad retningslinene skal ha ift hovudavtale og delavtalar.</p> <p>d) Følgeperson. Må nemne særskilt om situasjonar når pas har BPA-tenester.</p>
<p>56/23 1430 – 1</p>	<p>Jobbe vidare med delavtale 1, punkt 1.4 Jobber med innsendt kommuneforslag vidare.</p> <p>Tilleggstekst med gode felles intensjonar flyttast til pkt 1.1 Formål.</p> <p>1.4 a) Semje om at kommunen skal ha nødvendig informasjon for å kunne planlegge og ta imot pasienten før utskriving. Partane er usamde om når epikrise skal sendast til kommunen. Uklart kva som ligg i definisjonen «eller tilsvarande informasjon». Dersom annan dokumentasjon enn epikrise skal nyttast, er det eit krav frå kommunane at ein gjer tydeleg kva innhaldet i slik dokumentasjon skal ha. HMR ser ikkje at ein kan avtale krav om at epikrise kan sendast før pas. er meldt utskrivingssklar. Innhaldet i forskrifta §9 må vere med. Avtaletekst vart ikkje endeleg avklara.</p> <p>b) Varslingstidspunkt/dialog HMR ynskjer større fleksibilitet. Ikkje endeleg avklara.</p> <p>c) Kommunen krev tydleg dokumentasjon i helseopplysning i tråd med punkta i forskrifta §9 i tillegg til legemiddelliste, og som er vurdert av lege.</p>

	<p>e) HMR ynskjer at kommunane vert tydlegare i sine tilbakemeldingar om kva tilbod ein planlegg å tilby etter utskrivning. Punktet vart etter dialog endra i plenum. Kommunane sitt framlegg om at varslingsfrist etter kl 12 fortsetter påfølgjande kvardag, er forslag HMR ikkje kan akseptere.</p>
	Dag 2
57/23 0830 - 1030	<p>Oppsummering dag 1 HMR</p> <ul style="list-style-type: none"> - Erkjenner stor avstand på enkelte pkt i avtalen - Viktig å få klargjort konkret kva pkt det er usemje om - Treng oppsummering og plan for ferdigstilling av samla avtale <p>Kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aksepterer ikkje gode intensjoner, endeleg avtaletekst må vere tydleg og innehalde skriftleg det ein er samde om. - Pasienttryggleik kjem først - Etterlyser rutiner som beskriv praksis for dokumentasjon av utskrivingspraksis i sjukehusa. <p>Semje om at forskr. med 5 pkt + medisinliste må ligge til grunn for at pas vert def. utskrivingsklar enten i epikrise eller i tilsvarande dokument, jf rapport IS 3014.</p> <p>Kommunane krev at epikrise vert ferdigstilt og sendt før pasienten vert meldt utskrivingsklar. Dette kan HMR ikkje akseptere, men krev at det må vere tilstrekkeleg at epikrise skal vere klar ved utreise.</p> <p>g) OK h) OK i) korrigerings i plenum j) Tvungent psykisk helsevern. Nytt punkt på eit område som er dårleg regulert i dag. Kommuneforslaget er i første rekke meint som eit drøftingsframlegg. HMR finn framlegget som ligg føre som svært detaljert og vanskeleg å gå inn på før ev. nærare interne drøftingar. HMR ser behov for å sikre etablering av gode nettverk saman med kommunen pasienten skal utskrivast til og behov for å avklare og skaffe eigna bustad.</p> <p>Særdrøfting HMR ser det tenleg at ein i hovudavtalen legg inn tekst som presiserer at FSU for psykisk helse må utarbeide eiga retningsline som avklarar samhandling om denne pasientgruppa. Kommune krev at det skal regulerast nokre forhold som kan sikre ei god overføring, då denne pasientgruppa har særleg krevjande utfordringar.</p> <p>Partane vert oppfordra til å vurdere korleis innhald rundt avtale om overføring for denne pasientgruppa kan presiserast i avtalen, t.d pkt om samarbeids møte og avklaring rundt bustadbehov bør takast inn i avtalen. Vert å ta igjen på avslutningsmøte i februar.</p>

58/23 1100 - 1200	<p>Jobbe vidare med delavtale 1, punkt 1.5</p> <ol style="list-style-type: none">1. Usemje om kommunal svarfrist skal regulere tidspunkt for når betalingsplikta inntreir, jf kommunane sitt krav om lenging av svarfrist til påfølgande dag om melding kjem etter kl 1200.2. Kommunane aksepterer ikkje avkorting (forholdsmessighet) av betalingskrav når epikrise ikkje vert levert samtidig med utskriving av pasient.3. HMR vil ta bort pkt om bortfall av betaling i samband med reinnlegging.4. Pkt om særkrav for pas frå psyk.helsevern må avklarast. <p>Partane vurderer det som vanskeleg å verte samde om ny delavtale 1. Alternativet er å vidareføre dagens delavtale utan endring.</p> <p>Konklusjon Forhandlingsutvalet vurderer det mest hensiktsmessig å vidareføre delavtale 1 uendra, med målform på bokmål. Partane vert likevel oppmoda om å vurdere delavtale 1 samla på nytt til neste samling i februar, med opning for å kome kvarandre i møte i høve punkta ovanfor. Frist for deling av nye innspel er minst ei veke før neste samling.</p> <p>Nytt punkt 1.6 vedr. mange samtidig utskrivingsklare pasientar, vert flytta til delavtale 6. Avklare kven som kan legge inn på KAD i kommunane. Begge desse punkta må takast igjen i februarmøtet..</p> <p>Oppgåve med samarbeid med regionalt fagråd mtp meldingsflyt kan likevel gjennomførast, jmf kontakt Anita Kjersheim.</p>
--------------------------	--

